



Time kommune

Dato: 04.09.2026

Undheim skule

Protokoll frå konstituerande møte i FAU 3.september 2026

Møtt: Jon Harald Ødegård Egeland, Silje Wathne, Arnfrid Bjelland, Edel Yvonne Hovland Rygg Rimestad, Gerd Torill Hegre Berg, Louise E. Crowling, Gerd Rusdal
Frå gammalt styre: Øyvind Søyland, Borghild Hovstad
Fråfall: Silje Taksdal

Sak 1 26-27 Velkommen og oppstart.

Rektor takka gammalt styre for god jobb i førre skuleår. Søyland og Hovstad informerte nytt styre om: Registrering av nytt styre i Brønnøysund, klubben «halv 7» som driftas dette året av 5. trinn, datoar for lån av gymsal og kjøkken er bestilt. Lurt å dele saksliste med klassane i førekant. Rydde i årshjulet (tildelt av Søyland). Anbefaler å sette tidsramme for kor lenge møter skal vare.

Sak 2 26-27 Konstituering og val av ulike roller.

Jon Harald Ødegård Egeland, Leiar, attval. Representant i KFU
Edel Yvonne Hovland Rygg, Nestleiar, ny. Representant i Oppvekstteam og SU
ny
Arnfrid Bjelland, Trafikk og skyssansvarleg og SU, attval
Gerd Torill Hegre Berg, Sekretær, attval
Silje Taksdal, Kasserar, attval
Louise E. Crowling, Medlem
Silje Watne, Medlem

Sak 3 26-27 Årshjul for møter

03.09.26	24.09.26	29.10.26	26.11.26	14.01.27	18.03.27	20.05.27	17.06.27
Oppstart 18.30- 20.30	19.30- 21.00	18.30- 20.00	19.30- 21.00	18.30- 20.00	18.30- 20.00	18.30- 20.00	18.30- 20.00

Alle møter er på torsdagar, varar 1,5 time, startar for det meste 18.30 med nokre unntak. Sak **eventuelt** strykast av sakslista. Alle saker må vere meldt inn til FAU i god tid for å kome på sakslista. For seint innkomne forslag setjast opp på neste møte.

Sak 4 26-27 Neste møte

Saker framover vert Tv-aksjonen, Reflekskonkurransen, Eldrefest og Julefest
Neste møte 24.09.26 kl.19.30

Refr. Gerd Rusdal